

MØTEBOK HALLINGTINGET

TID: 15. april 2013
STAD: Gol, Gol kommunehus



**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte på Hallingtinget :

Tony Arild Kjøl, Hol kommune Ingjerd Almås Anfinset, Hol kommune Erik Kaupang, Hol kommune Halvard Lilleslett, Hol kommune Solveig Håtveit Markegård, Hol kommune	Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune Helene Sagabråten, Hemsedal kommune Jan Egil Halbjørhus, Hemsedal kommune Olav Støyten, Hemsedal kommune Tor Grøthe, Hemsedal kommune
Ivar Brevik, Ål kommune Hallgrim Satastlåtten, Ål kommune Harald Varlid, Ål kommune Ove Bråten, Ål kommune Ingerborg Kaslegard Frydenlund, Ål kommune	Tor Magnussen, Nes kommune Margit Halvorsen, Nes kommune Endre Storhaug, Nes kommune Gerd Eli Berge, Nes kommune
Halvor Lilleslett, Gol kommune Hanne Brunborg, Gol kommune Tom Rune Skr. Blakkestad, Gol kommune Ludvig Munkejord, Gol kommune Heidi Granli, Gol kommune	Tor Egil Buøen, Flå kommune Ole Johnny Stavn, Flå kommune Kristin Gullingsrud Stian Bakken

Av rådmennene møtte: Tone Tveito Eidnes, Ål kommune, Hege Mørk, Gol kommune, Sveinung Halbjørhus, Hemsedal kommune, Else Horge Asplin, Nes kommune, Odd Egil Stavn, Flå kommune.

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontaktane Anne Sandum, regionkontakt Terje Moen og påtroppande regionkontakt Tore Gilhuus.

Hallingtinget vart opna ved at ordførarane song eit lite utdrag frå Tryllefloyten. Og her er ein **smak**.

SAK 01/13 REKNESKAP 2012

Vedtak

1. Hallingtinget godkjenner rekneskapet til Regionrådet for Hallingdal for 2012 med revisoruttale, og at overskot på kr. 71.258,99 blir overført til disposisjonsfond.
2. Regionrådet for Hallingdal og Ål kommune som vertskommune, skal vurderer om det er meir formålstenleg at rekneskapet til Regionrådet blir trekt ut av rekneskapet til Ål kommune.

SAK 02/13 ÅRSMELDING 2012

Vedtak

Hallingtinget godkjenner årsmeldinga for 2012, med følgjande rettingar:

- Som representantar for Regionrådet for Hallingdal, i Rådet for SLT-Hallingdal (kriminalitetsførebyggande tiltak), sit ordførar i Flå, Tor Egil Buøen og ordførar i Nes, Tor Magnussen.
- Som representant til styringsgruppa for prosjektet «Velkommen til oss» sit Tor Egil Buøen.

SAK 03-13 ORIENTERING OM ARBEIDET I REGIONRÅDET

Dagleg leiar orienterte om arbeidet i Regionrådet som ein del av gjennomgang av årsmeldinga.

SAK 04-13 UTTALE NASJONAL TRANSPORTPLAN 2014 - 2023

Stortingsmelding 26 (2012–2013), Nasjonal Transportplan 2014 – 2023 vart lagt fram 12.4.2013.

I saka deltok ordførar Kjell B. Hansen, Ringerike kommune, regionkoordinator Rikeriksregionen, Lars Olsen og dagleg leiar i Forum Nye Bergensbanen, John-Ragnar Aarset. John-Ragnar Aarset orienterte om FNB sine synspunkt på NTP og Bergensbanen (presentasjon vedlagt) og Kjell B. Hansen orienterte om Ringeriksregionen sine synspunkt.

Etter drøftingar gav Hallingtinget følgjande uttale:

Uttale

Regionrådet for Hallingdal vil koma med følgjande uttale i forhold til Nasjonal Transportplan for 2014-2023, som det blir forventat at Stortinget følgjer opp i samband med handsaminga av stortingsmeldinga:

1. Regionrådet forstår det slik at Regjeringa legg opp til byggestart av Ringeriksbanen i fyrste del av 6 års perioden 2018 – 2023. Det er me fornøgd med, men det er heilt avgjerande at det blir gjennomført ei god og effektiv planlegging, slik at byggestart skjer i 2018.
2. Regionrådet ser ingen grunn at planlagde kryssingsspor på Bergensbanen ikkje kan realiserast i fyrste del av planperioden, som føresett i gjeldande NTP. Dette er av stor betydning både for å få meir gods over på bane og sikre betre regularitet på Bergensbanen.
3. Regionrådet for Hallingdal kan ikkje akseptere at Rv7/Rv52 ikkje er nemnt som viktige vegar/transportkorridor som bind landsdelar/regionar saman. Rv7/Rv52 må difor nemnast som viktig transportkorridor. Rv7 (Hønefoss – Gol) har over 50% av trafikken aust – vest, både i forhold til total trafikk og tungtrafikk. Rv7/Rv52 er det kortaste vegsamabandet mellom aust – vest. Med opning av Hardangerbrua og Sokna – Ørgenvika må ein forvente at transportkorridor gjennom Hallingdal vil få ytterlegare auka trafikk.
4. Det er lagt opp til å gjennomføre ein konseptvalutgreiing (KVU) for Rv 7 over Hardangervidda. Dette er positivt og ei naturleg oppfølging av Regional plan for Hardangervidda. Regionrådet for Hallingdal forventar at KVU-prosessen kjem raskt i gang. Den må vera ferdigstilt til neste revidering av NTP for 2018-2027. Med bakgrunn i fylkestinga (Hordaland, Buskerud og Telemark) sine vedtak vil dette og vera svært naturleg.
5. E16 Bjørum-Skaret er ikkje planlagt bygd før i siste del av planperioden. Dette er ikkje godt nok. Byggestart må skje tidleg i fyrste del av planperioden.

6. Det er uakseptabelt at regjeringa ikkje følgjer opp intensjonane om ferdigstilling av planlegginga av E16 Skaret-Hønefoss. Arbeidet må halde fram med sikte på byggestart 2018.

SAK 05-13 HALLINGDAL 2020, ORIENTERING, DRØFTING

Prosjektleiar Ulrikke Ytteborg orienterte om Hallingdal 2020 og pågåande arbeid. Vedlagt eigen presentasjon.

SAK 06-13 EVENTUELT

Gangvegpakke Hallingdal

Olav Støyten foreslo at Regionrådet for Hallingdal drøftar om det kan vera føremålstenleg å arbeide for ei gangvegpakke for Hallingdal. Regionrådet skal følgje opp forslaget.


Innkjøpssamarbeid

Erik Kaupang tok opp spørsmålet om kommunane i Hallingdal har ein bevisst haldning til deltakinga i innkjøpsarbeidet mellom Buskerud, Telemark og Vestfold fylkeskommune. I enkelte samanhengar kan det sjå ut som om lokale leverandørar ikkje deltek, eller dei blir ikkje prekvalifisert. I forhold til rekrutteringsarbeid verkar dette negativt, der det bør vera eit poeng å nytte dalen sin kompetanse.

Regionrådet saman med rådmannsutvalet vil sjå på om det bør gjerast tiltak for å stimulere til deltaking frå leverandørar, og vurdere om ordninga verkar diskvalifiserande for mindre lokale firma.

Ål 17.4.2013

Rett utskrift



Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg:

- Sak 04-13; Presentasjon Nasjonal Transportplan 2014 – 2023
 - Knut Arne Gurigard, Regionrådet for Hallingdal
 - John-Ragnar Aarset, Forum Nye Bergensbanen,
- Sak 05-13; Presentasjon Hallingdal 2020